Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Ard og plog

Oppskr. av: Olav Grimsdalen

(adresse): p.t. Drammensvn. 20 A II Oslo.

Fylke: Telemark

Herad: Mo

Bygdelag: Skafså

Gard: Grimsdal

G.nr. 59 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den ~~er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):~~

SVAR

1. Både ard og plog vert bruka. Men arden vert no meir omlagt med hestehakke.

2. Arden vert no som før bruka til nedmolding av potetor. Før „braut" dei åkeren tvo gonger um dei skulde setje potetor. Etter fyrste bryting med arden reinska dei ut ugraset. Andre gongen „mylde" (moldr) dei ned potetone.
Kornet vart nedmaldt med tinde-harv (heimegjord).

3. Arden vart og vert bruka til raukning (hypping). No kjem hestehakka meir i bruk.

4. Typen etter fig 3 er den vanlege.

2564

5. Vanlege skoklar vert brukka til arden. 

6. På arden talar ein stejer og styre som på ein plog. Skoklane hev homvål som vanlege skoklar.

7. Ardlejertypane kunde nok skifte, men det var so vidt eg kjenner til, ikkje serlege namn på da.

8. Arden hadde ikkje veltefjøler, men kunde ha tjukke öyra.

9. Ard er ikkje brukka om haroer.

10. Djupgangen kunde regulerast som på fig. 3 c.

11. Slike ardtyper 5-7 finst på gamle gardar, men er antikvariske og ikkje nytta. Korleis dei vart brukka kjenner eg ikkje til. Vanleg var dei utan ristell.

12. Dei fleste laga ardane sine sjølv.

13. No vert fabrikkplogar meir og meir brukte. Det er vel 50 år sidan eller meir sidan fabrikkplogane tok til å bli ombytte med dei heimegjorde.

564

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

14. Plog etter fig. 8 er ikkje meir nytta, men einskilde eksemplar kan truleg finnast.
Veltefjøli var oftast flat, tre med jarnbeslag. Sålen var tidast jern.

15 – 21. Kan ikkje svarast noko visst på; kjenner for lite til bruken av desse plogane.

22. Vanleg nytta ein „nykelede" til å køyre plogen på når åkeren (jordstykket) låg langt undan.

23. Kjenner ikkje til dette.

Ordet plog vert nytta om det reidskap som velter jordi til sides. Ardur berre rotar. Ardås og plogås vert nytta. Desse two reidskap vert halde strengt åtskilde.

Ard uttalast ār (langa ā) og bøygjest: ar, aren, arar, arane (mask.);
og: ploġe, plogjen, plogar, plogane (mask.)

2564
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING